



Helga Pedersen kjem til Hjørnevåg

Torsdag 2. august blir ein historisk dag for Hjørnevåg og for Uskedalen. Den framgangsrike fiskematprodusenten på Børneset får då tidleg på føremiddagen ein timelang valkamp-visitt av Helga Pedersen, som både er nestleiar i Arbeiderpartiet og fiskeri- og kystminister.

Ho er undervegs til Etnemarknaden og dette er det einaste bedriftsbesøket hennar i Kvinnherad kommune på denne reisa.

Eigentleg var det meininga at ho også skulle vitja Eidsvik Skipsbyggeri, men det vart sløyfa då bedriftan ikkje vil ha nokon båt inne denne dagen.

- Det er naturleg at statsråden vitjar Hjørnevåg, ei driftig verksemd i Uskedalen med produksjon bygt på havet sine ressursar, seier Arbeiderpartiets ordførerkandidat Synnøve Solbakken til uskedalen.no. Samstundes er ho full av godord om Uskedalen fordi bygda er prega av stor dugnadsånd.

Helga Pedersen (34), den eineste med samisk bakgrunn i Regjeringa, har hatt ein komet-karriere i politikken. Ho vart politisk rådgjevar for nærings- og handelsminister Grete Knudsen allereie for seks år sidan og for fire år sidan vart ho vald til fylkesordførar i Finnmark.

Det var difor trass i alt inga stor overrasking då finnmarkingen vart fiskeri- og kystminister i den raud-grøne regjeringa for snart to år sidan.

Av Ola Matti Mathisen